



Saksmappe: 2019/372
Sakshandsamar: SLS
Dato: 15.04.2024

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
21/24	Rådet for eldre og funksjonshemma	22.04.2024
14/24	Bygland ungdomsråd	22.04.2024
40/24	Plan, miljø- og ressursutvalet	23.04.2024

Offentleg høyring av plan for friluftslivet sine ferdselsårer

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til plan for friluftslivet sine ferdselsårer blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i 4 veker.

Rådet for eldre og funksjonshemma si handsaming av sak 21/2024 i møte den 22.04.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Uttale/vedtak:

Forslag til plan for friluftslivet sine ferdselsårer blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i 4 veker.

Bygland ungdomsråd si handsaming av sak 14/2024 i møte den 22.04.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken.

Uttale/vedtak:

Forslag til plan for friluftslivet sine ferdselsårer blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i 4 veker.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 40/2024 i møte den 23.04.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Forslag til plan for friluftslivet sine ferdselsårer blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i 4 veker.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

- 1 Plan for friluftslivet sine ferdselsårer HØYRINGS-DOKUMENT
- 2 Temaplan for friluftslivet sine ferdselsårer A1
- 3 Grovsiling av eksterne innspel

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Saksvedlegg 4 Samanstilling av eksterne innspel.

Bakgrunn for saka

Planprogram for revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vart vedtatt 29.05.2019. Der står det at planarbeidet skal innehalde utarbeiding av plan for friluftslivet sine ferdselsårer.

SVR har innvilga Bygland kommune eit tilskot på 100 000 kr frå SVR sitt verdiskapingsprosjekt til utarbeiding av plan for friluftslivet sine ferdselsårer.

Formelt grunnlag

Vurderingar og konsekvensar

Rammer

Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiaren «Plan for friluftslivets ferdselsårer» som er lagt til grunn for planarbeidet. Planforslaget er ein temaplan utan juridisk binding til arealdisponering eller økonomi som gir oversikt over relevante ferdselsårer for friluftsliv i kommunen. Planen gir ei skildring av situasjonen i dag, og skisserer tiltak for å ta vare på og utvikle ferdselsårene i tråd med mål som er sett i planarbeidet.

Det økonomiske tilskotet frå SVR vart gitt med nokre vilkår:

- Planen kan gjelde for heile eller delar av kommunen.
- Planen må dekke relevante problemstillingar knytt til styring og kanalisering av ferdsel i Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette med siktemål å redusere/unngå konflikt i høve til sårbare artar som villrein og rovfugl.
- Planen skal utarbeidast som ein temaplan eller kommunedelplan. Alternativt som ein del av revidering av kommuneplanen. Det vert føresett brei medverknad i arbeidet med planen.

Planen består av to dokument, ein tekstdel og eit temakart.

Målet med planen

For å kunne legge til rette for eit godt tilbod av ferdselsårer for friluftslivet er det viktig at kommunen har kunnskap om kva for ferdselsårer vi har, kva for behov desse har og korleis dei kan bli utvikla på ein berekraftig måte for å skape meir aktivitet. Målet med planarbeidet er å kartlegge ferdselsårene for friluftsliv i kommunen, slik at dette blir tatt omsyn til i arbeidet med kommunale planar, vedtak og prioriteringar.

Temaplanen skal bidra til å auke fysisk aktivitet og betre fysisk og psykisk helse som heilheit. Temaplanen har også som mål å skape nettverk og god koordinering mellom aktørane som arbeider med ferdselsårer som grunneigarar, lag og organisasjonar, turforeiningar og kommunen.

Naturbasert friluftsliv

Naturen spelar ei viktig rolle for både reiseliv, næringsutvikling og buglede. Det er difor ønskeleg med fleire fine og attraktive turmål for fastbuande og tilreisande. I arbeidet med å kartlegge ferdselsårer har det vore spesielt fokus på dei meste kjente turmåla i kommunen. Av ulike årsaker har det ikkje vore mogleg å få alle desse med.

Alle har liv til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Noreg. Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av kulturarven vår. Den gir deg rett til å bruke utmarka, uavhengig av kven som er grunneigar. Samtidig er det slik at alle fysiske tilretteleggingstiltak krev løyve frå grunneigar. Realisering av planen er difor avhengig av grunneigarar og frivillig innsats, i tillegg til at det også vil ha ein kostnad.

Oppstartsmelding om planarbeid

Det vart sendt oppstartsmelding om planarbeidet til aktuelle mynde, organisasjonar og nabokommunar med innspelsfrist 15. februar 2021. Det kom inn 8 uttalar til oppstartsmeldinga.

Avsendar	Uttale	Tilsvar
4H Norge via Forum for natur og friluftsliv Agder	<ul style="list-style-type: none">• Ser på planen som svært positiv.	<ul style="list-style-type: none">• Tatt til etterretning.
Froland kommune	<ul style="list-style-type: none">• Ber om å bli informert dersom planen legg opp til registrering av fleire stiar og løyper som kryssar felles grense.	<ul style="list-style-type: none">• Det er ikkje registrert fleire stiar og løyper som kryssar felles grenser i planen.
Agder fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none">• Planen bør ha mål om å gi eit tilbod nær bustadområde.• Kommunen bør utvikle vidare potensialet for å drive friluftsliv og oppleve kulturhistorie og -minne for tilreisande.• Planen bør innehalde eit anleggsprogram som kan gå inn som ein del av ein plan for idrett og fysisk aktivitet.• Syner til rettleiaren «Plan for friluftslivets ferdselsårer».	<ul style="list-style-type: none">• Det har vore ei målsetting i planarbeidet.• Det er eit potensiale vi vil arbeide vidare med også i tråd med Kulturminneplanen.• Anleggsprogram er ikkje ein del av planen, men vi vil sjå på tematikken når vi etter kvart skal revidere plan for idrett og fysisk aktivitet (IFK-planen).• Kommunen har nytta rettleiaren i planarbeidet.
SVR	<ul style="list-style-type: none">• Ber om at føringane for utarbeiding og innhald blir lagt til grunn for planarbeidet.• Ønskjer nærmare samarbeid om utvikling av innfallsporten til verneområdet på Langeid.• Viktig at det er god samordning mellom Åseral, Sirdal og Bygland om styring og kanalisering av ferdsel.• Ber om at vurdering av korleis villreinen blir påverka av menneskeleg ferdsel i områda Gaukhei-Josephsbu-Kvinen.	<ul style="list-style-type: none">• Føringane er lagt til grunn for planarbeidet.• Det er gjennomført dialogmøte med SVR. Kommunen deltar gjerne i eit samarbeid om å utvikle innfallsporten på Langeid.• Det er starta eit arbeid med tiltaksplanar for å betre tilhøva til villreinen. Det vil gi eit samordna bilete av aktuelle tiltak på tvers av kommunane. Kommunen avventar resultatet av dette arbeidet.• Det er ikkje ønskeleg å etablere nye traséar inn mot eller i villreinen sitt leveområde. Arbeidet med tiltaksplanar vil sette fokus på dei mest påverka områda, og løypenettet som ligg her i dag må då gjerne bli justert.

Åseral kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Positivt at planarbeidet blir prioritert sidan mange av dei viktige utfartsområda og friluftsområda i Åseral i stor grad også påverkar Bygland kommune. • Ønskjer særskilt fokus på områda Ånebjør og Pytten i planarbeidet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Tatt til etterretning. • Kommunen har hatt dialogmøte med SVR, DNT Sør, fylkeskommunen og statsforvaltaren om løypenettet på Vestheia der det var fokus på mellom anna Pytten.
NVE	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om at NVE sitt innspel til planprogram for kommuneplanen og innspel til samfunnsdelen blir lagt til grunn for denne planen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje innspel som innverkar direkte på planarbeidet med dei avgrensingane som er gjort for planarbeidet.
Villreinnemnda i Setesdalsområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Heiplanen sine retningslinjer må bli lagt til grunn for planarbeidet. • Det må ikkje bli lagt til rette for ferdsel i kalvingsområde ved Hovvatn. • Viktig med samordning med nabokommunar og DNT då ferdsel går på tvers av kommunegrensar. • Det er viktig at villreinen på austheia i Bygland får ro i barmarksesongen og ferdsla ikkje skapar vandringsbarrierar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje lagt inn nye traséar i området for Heiplanen. Etablerte DNT-traséar er lagt inn i planen. Arbeidet med tiltaksplanar vil sette fokus på dei mest påverka områda, og løypenettet som ligg her i dag må då gjerne bli justert. • Det er tatt til følge. • Nabokommunane er høyringspart i planarbeidet. • Det er ikkje lagt inn ferdselsveggar i dette området i planen.
Statsforvaltaren i Agder	<ul style="list-style-type: none"> • anbefaler å nytte metodikken i rettleiaren «Plan for friluftslivets ferdselsårer». • Turmål og ruter nærme busetnad med høg attraktivitet. • Fagleg råd om at framtidige løyper er i minst mogleg konflikt med villreinen sitt leveområde. • Råd om at det blir gjort kost-nytte-analysar for nye tiltak som inkl. konflikt med naturmangfald og landskapsverdiar. • Legge Heiplanen sine retningslinjer til grunn for planarbeidet, samt legge stor vekt på villreinen sine interesser. • Vurdere løypeforslag i SVR opp mot verneområdet sine føremålsparagrafar. • Fokus på sensitive artar i område som ikkje er godt kartlagt. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen har nytta rettleiaren i planarbeidet. • Det har vore ei målsetting i planarbeidet. • Det er ikkje lagt inn nye traséar i området for Heiplanen. Etablerte DNT-traséar er lagt inn i planen. Arbeidet med tiltaksplanar vil sette fokus på dei mest påverka områda, og løypenettet som ligg her i dag må då gjerne bli justert. • Det er lagt opp til få tiltak i planen. Det er i hovudsak rydding og merking av turstiar. Tiltaka vil i liten grad påverke naturverdiene. • Villreinen sine interesser er i stor grad tatt omsyn til. • Det er ikkje lagt inn nye løypeforslag i verneområdet. • Det er tatt omsyn til sensitive artar i dialog med statsforvaltaren. Nokre forslag til traséar vart ikkje med i planforslaget grunna dette.

Planprosessen

PMR har vore styringsgruppe for planarbeidet og ei administrativ arbeidsgruppe har arbeidd fram planforslaget.

Planarbeidet har gått parallelt med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Det har gjort at ressursane har blitt fordelt over fleire store prosjekt som har gjort prosessen lang og krevjande. Det har vore eit omfattande arbeid med mykje dialog med rørte partar. Det vart invitert til å kome med innspel til planarbeidet med frist 14. desember 2020.

Planarbeidet har hatt fokus på nærturar for å legge til rette for fysisk aktivitet for alle aldrar. Det vart invitert til å kome med innspel til skiløyper, fotturar og sykkelruter. I løpet av prosessen valde vi å avgrense dette til fotturar og skiløyper. Det er ønskjeleg og nødvendig med meir kunnskap om ferdselsårer på vatn og moglege sykkelruter, men det vart for omfattande i denne omgang.

Dialog

Vi har hatt dialogmøte med Reiårsvatn velforening, Skogeigarlaget, Bondelaget, DNT Sør, Midt-Agder friluftsråd, SVR, Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder.

Grunneigarar som potensielt ville bli rørt av ein tursti, fekk tilsendt brev med førespurnad om rydding og merking med vidare dialog i etterkant. Det er inngått avtale med grunneigarane i dei tilfella der alle stilte seg positive til etablering/merking av tursti. I dei tilfella der ein eller

fleire av grunneigarane ikkje ønska tilrettelegging/merking, så vart ikkje turstien tatt med i temaplanen.

Økonomi

Det er ikkje tatt høgde for ekstra løyving i gjeldande økonomiplan ut over turvegen på Byglandsfjord. Kostnader til rydding, merking og etablering av bru må pårekne ekstern finansiering og i samarbeid med frivilligheita.

Overordna målsettingar

Kommuneplanen sin samfunnsdel seier at innbyggjarane skal ha gode opplevingar i naturen både langs merka stiar og løyper og i nærmiljøet sitt. Det skal vere lett å kome ut på tur i Bygland. Vidare seier samfunnsdelen at ein av vegane for å nå det målet er å utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen gjennom arbeidet med plan for friluftslivet sine ferdselsårer.

Kommunedirektøren tilrår at plan, miljø og ressursutvalet legg plan for friluftslivet sine ferdselsårer ut på høyring i fire veker for å få innspel til planarbeidet.

Bygland, 08.04.2024

Kommunedirektør